

Innspel til arealplan, 1 gangs høyring

Eg ber om at innspela som går på tilbakeføring frå næringsareal til LNF på Espeland og Åse i Lindås kommune vert tekne opp til ny vurdering.

Dette arealet har ein langt høgare verdi som LNF enn næringsareal, då ein, i tilfelle magrere tider kan dyrka opp og få blandt dei største samanhengande grasareala i heile Lindås. Å ha dette arealet tilgjengelig kan samanliknast med å ha pengar ståande på konto.

Det er naivt å tankja at mat er noko som me alltid vil ha tilgjenge gjennom verdsmarkanden, og at me ikkje treng sikra oss sjølve.

Det at tre av dei største kornprodusentane i verda er USA, Russland og Ukraina, og at ingen av dei går særleg godt ilag burde få dei fleste til å tenkja over at ei potensiell «kornkrise» er langt meir sannsynlig enn det mange vågar ta inn over seg.

Dersom det skulle oppstå ein situasjon der ein, eller fleire av desse kuttar eksport av korn, så er det svært sannsynlig at me i verste fall vil kunna merka dette ganske markant.

Det eine er matkorn, me vil måtte klara oss på langt mindre enn det me gjer i dag, som følge av mangel på matkorn, så vil me få lite, tildels intet korn til kraftfor (avdi dette kornet no må gå til matkorn) All matproduskjon som i dag er avhegig av kraftor (mjølk, svin og fjørfe) vil få store problem med å halda oppe produsjonen. Då kokar allt ned til kva me kan produsera på eigne resursar. Det er her «næringsarealet» kjem inn i biletet. All bruk av kraftfor må då erstattast med gras. Og då vil Åse/Espelandsmyrane gje oss svært mykje tå den sorten!

Som lokalpolitikar så har ein også eit ansvar for matvaresikkerheten til inbyggjarane i kommunen.

Jordtippen

Jordtippar er sagt å være eit godt alternativ når ein byggjer ned dyrkabar eller dyrka mark. Jordtippen tok i mot store delar av myrjorda frå Ikea utbyggjinga i Åsane og har i den seinare tid tatt i mot massar m.a frå ny skule i Knarvik. Dette for at ikkje jorda skal gå til spille og verta liggjande ubrukt, slik som skjedde med jorda etter Mongstad utbyggjinga på 70 talet.

Det er fortsatt plass til ein god del massar i tippen, og det er til stor fordel ved utbyggjingar i Alversund-Knarvik regionen at ein har ein jordtipp i umiddelbar nærhet, og som ligg så tett i FV57 at ein kan køyre med tippsemi utan problem.

Jord som blir deponert i jordtippar, vert deponert lagvis, då dei forskjellige laga (sjikta) med jordsmonn og morenemassar må komme på samme plass som dei opphavleg har lege. Dvs at den jorda ein først grev av er den jorda som må deponnerast tilslutt. Dersom jorda kjem på botn og morenemassane kjem på toppen så er ikkje jorda lengre fruktbar. Det samme gjelder dersom desse sjikta i jorda vert blanda for mykje ihop. For kvar gang ein grev opp jord, dess meir blanding av sjikta i jorda vert det. Det er dermed langt i frå enkelt å få til ein optimal flytting av jord, og det seier seg sjølv at dersom ein skal til å flytte heile jordtippen og heile Åse/Espelandsmyra over i endå ein jordtipp ein an plass, så er det svært stor sjangs for att ein øydeleggjer dei dyrkbare eigenskapane i jorda.

Ein ventar no bere på å få jordtippen ferdig oppfylt å dryka slik at denne kan bli tatt i bruk.

Det burde være i kommunen si interesse at ein får dyrka denne tippen. Då kan Lindås som industrikommune visa til at det går ikkje lengre jord til spille når ein byggjer ut til hus , infrastruktur, næring osv.

Lindås Tomteselskap

Ein veit at det er Lindås Tomteselskap som er pådrivaren for dette næringsarealet. Og som politikarar bør de ta inn over dykk kva signal de sender i denne saka.

Lindås kommune set med tre hattar på seg:

1. Det er kommunen som er planmyndighet og som avgjer kor ein ønsker næringsareal.
2. Det er kommunen som er eigar av tomteselskapet
3. Det er kommunen som er klageinnstans for misfornøgde grunneigarar og naboar

Tomteselskapet har prøvd å kjøpa arealet utan hell, dei har og fått klar beskjed frå fleire av grunneigarane at dette arealet er ikkje tilsalgs til næringsføremål. Trass dette, så opplevde desse grunneigarane at deira areal vart merkt som ledigt næringsareal og endte opp i nordhordlandskart som ledigt næringsareal i kommunen. Korleis kan dette skje? Er dette for at industrien skal vise interesse for arealet? Slik at kommunen får meir «kjøt på beinet»?

Det sender eit svært dårligt signal når kommunen heldt fast på eit heilt meiningslaust næringsareal, når det i tillegg er rikeligt av slikt areal i kommande Alver Kommune. Det gjer det heller ikkje betre at det virka som at det er tomteselskapet som er «rettesnora» i denne saka. Og at det kan virke som at her er ein agenda til fordel for tomteselskapet.

Det som byggjer oppunder at her er det nokon som har ein skjult agenda, er at det virkar litt for påfallande at det ikkje er tatt omsyn til dei innspela der det kjem heilt tydeligt fram at ein ikkje ønskjer

næring her. I staden vert det vurdert at:

«I arealdelen til kommuneplanen er det ledig kapasitet i eksisterande næringsareal, som vert vidareført. Det er vurdert slik at den reserven er tilstrekkeleg for denne planperioden.»

Det er i realiteten snakk om ein farge på eit kart, og det har ingen praktisk betydning for kommunen korvidt fargen er grøn eller rosa. Og ein skulle no i det minste tru at når ein grunneigar ber om å få sitt areal attendeført til LNF noko som det var i utgangspunktet, så burde ikkje dette være noko problem, og ein sjølfølge for kommunen å ordne opp i.

Det er ikkje noko heldigt for verken kommune eller tomteselskap at det her er så liten vellvilje til å «trakka ut att or salaten som ein stødig steig uti i med begge føtna».

Tomteselskapet er avhengig av å få kjøpa tomteareal. Men då er det viktig at folk ikkje styrer unna tomteselskapet avdi dei fryktar dei spelar med ureine kort. Slike saker som dette her fører til ein skepsis blandt folk, og vil på sikt skada tomteselskapet si evne til å få tak i dugande areal.

Det skadar og lokaldemokratiet, då ein misser trua på heile systemet!

So eg vil igjen be dykk tenkja over kva signal de sender til innbyggjarane i Lindås, når de viser så liten velvilje og forståing for grunneigarars synspunkt, at de vel å halda på ei merking på eit kart for eit areal de sjølv har prøvd å kjøpa opp gjennom tomteselskapet deka, og som grunnneigarane ikkje vil selja!.

